

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>07.03.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:40 – 16:40</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Gunhild Berge Stang til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under handsaminga av dokument 15 i sak nr. 27/18, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr 1.

Fylkesutvalet avgjorde å legge utvalet sitt møte 20. juni til Årdal, med møtestart kl 11.00.

Fylkesutvalet avgjorde å flytte møtet 29. august til 31. august.

*Munnlege orienteringar:*

Åshild Kjelsnes orienterte frå arbeidet i Nasjonal rassikringsgruppe.

Fylkesrådmannen orienterte om ekstraordinær generalforsamling i BT Signaal AS 13.03.18 og at Lise Mari Haugen er fylkeskommunen sin kandidat til styremedlem i selskapet. Styresamansetninga vil kunne vurderast på nytt ved den ordinære generalforsamlinga seinare i år.

Fylkesrådmannen orienterte frå felles eigarmøte i Sunnfjord Energi AS og SFE AS 05.03.18. Fylkesutvalet fann Gunhild Berge Stang ugild til å vere til stades under orienteringa, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene i samband med orienteringa, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr 1.

**SAK 13/18 OKOS Sogn og Fjordane - søknad om fritak frå styreverv og eventuelt suppleringsval**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet gir Rita Lilletvedt fritak frå vervet som styremedlem i OKOS Sogn og Fjordane for resten av valperioden.
2. Som ny styremedlem for resten av valperioden, vel fylkesutvalet Elin Garnes Solås.
3. Som ny nestleiar for resten av valperioden, vel fylkesutvalet .....
4. Kjell Idar Dvergsdal vert varamedlem for begge styremedlemene som er føreslegne av KS Sogn og Fjordane.

**Framlegg:**

Fylkesordføraren gjorde slikt framlegg til kandidat i punkt 3 i fylkesrådmannen si tilråding: Kirstin Bruland.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesordføraren, og framlegget frå fylkesordføraren, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet gir Rita Lilletvedt fritak frå vervet som styremedlem i OKOS Sogn og Fjordane for resten av valperioden.
2. Som ny styremedlem for resten av valperioden, vel fylkesutvalet Elin Garnes Solås.
3. Som ny nestleiar for resten av valperioden, vel fylkesutvalet Kirstin Bruland.
4. Kjell Idar Dvergsdal vert varamedlem for begge styremedlemene som er føreslegne av KS Sogn og Fjordane.

-----  
**SAK 14/18 Val av medlem til representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet vel ..... til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.04 2018.

Som varamedlem vert vald .....

**Framlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet vel leiar i hovudutval for opplæring til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.04 2018.

Som varamedlem vert vald nestleiar i hovudutval for opplæring.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet vel leiaren i hovudutvalet for opplæring til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.04 2018.

Som varamedlem vert vald nestleiaren i hovudutvalet for opplæring.

-----

**SAK 15/18      Skiping av Sinjarheim SA - SJH som medstiftar**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vert medstiftar av Sinjarheim samvirkeføretak.

-----

**SAK 16/18      Overføring av fylkeskommunal lånegaranti for Førdepakken til Ferde AS**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sjølvskuldnargarantien gjeve til Førdepakken bomselskap AS i FT-sak 43/13, på samla 600 mill. kr, vert overført til Ferde AS. Garantien gjeld låneopptak til prosjekt i Førdepakken, og varer til 31.12.2027.
2. Garantien skal godkjennast av kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 51, 1 pkt.

-----

**SAK 17/18      Fv. 60, Ugla-Skarstein - Søknad om fråvik for elektriske anlegg**

**VEDTAK:**

Det vert gjeve fråvik frå krav om prosjektering etter ny handbok N601 Elektriske anlegg

-----

**SAK 18/18      Utbetring fv. 614 Eikelandstunnelen - fråvik avstand mellom avkøyrsløse og tunnel**

**VEDTAK:**

1. Det vert gjeve fråvik frå krav til avstand mellom avkøyrsløse og tunnel ved fv. 614 Eikelandstunnelen.
2. Det er ein føresetnad for fråvik at det vert etablert bom, og at bommen vert plassert så langt inn i avkøyrsløse at ein unngår stopp i hovudveg når avkøyrsløse skal nyttast.

**SAK 19/18 Omfang av leveringspliktige posttenester, fråsegn**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at det kan vere behov for å endre på omfanget av leveringspliktige posttenester i Norge ut i frå eit økonomisk perspektiv. Økonomiske omsyn må likevel ikkje vere einaste grunn til å gjennomføre slike endringar.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikta og distribusjon av lokalavisene. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner det samla omsynet til folket sine behov må vege tungt når det gjeld eventuell endring i omfang av leveringspliktige posttenester i Noreg. Økonomiske omsyn må ikkje vere den einaste grunnen til å gjennomføre endringar. Sogn og Fjordane Fylkeskommune etterlyser fokus på å vilje gjere tenestene meir brukarvennlege og konkurransedyktige, i staden for over tid å ha negativt fokus på kva ein ynskjer å redusere i tenesta.
2. Sogn og Fjordane Fylkeskommune finn det heilt uakseptabelt at sendingar av småpakkar og spesielt sendingar av prøvemateriale frå legekontor og sending av medisinar til pasientar vert ytterlegare vanskeleggjort ved reduksjon i utleveringsdagar. Desse endringane må sjåast i samheng med andre reduksjonar i posttenestene, slik som reduserte tider for postsortering. Dette har allereie ført til innskrenka mogelegheiter for kva dagar pasientar kan ta sendeprøvar for at prøvane ikkje skal bli for gamle til å bli analysert i laboratoria, og vi åtvarar sterkt mot å eskalere denne type vanskar for primærhelse- og omsorgstenesta.
3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner ulempene med framlegg til reduserte utleveringsdagar vil verte store, og kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikts-Noreg og alle som bur der. . Distribusjon av lokalaviser blir ekstra utfordrande for ein bransje som slit. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til ny setning i pkt. 3:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er svært viktig for distrikta å framleis ha postombering fem dagar i veka. Dersom det er stor innsparing på å skilje mellom tettbygd og spreiddbygd, utfrå kvar det er konkurrerande tenester, så kan ein prøve ut ulik ombering med fem dagar i distrikta og til dømes to i tettbygde strok.

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til nytt pkt. 4

Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at satsinga på utbygging av breiband vert styrka. Mange av dei områda som står i fare for å misse postombering kvar dag har ikkje ein tilfredstillande digital infrastruktur. Sogn og Fjordane Fylkeskommune kan ikkje akseptere at det vert kutta i postomberinga før ein kan vise til tilfredstillande digital infrastruktur i distrikta

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk ingen røyster.  
Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det samla omsynet til folket sine behov må vege tungt når det gjeld eventuell endring i omfang av leveringspliktige posttenester i Noreg. Økonomiske omsyn må ikkje vere den einaste grunnen til å gjennomføre endringar. Sogn og Fjordane fylkeskommune etterlyser fokus på å vilje gjere tenestene meir brukarvennlege og konkurransedyktige, i staden for over tid å ha negativt fokus på kva ein ynskjer å redusere i tenesta.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune finn det heilt uakseptabelt at sendingar av småpakkar og spesielt sendingar av prøvemateriale frå legekontor og sending av medisinar til pasientar vert ytterlegare vanskeleggjort ved reduksjon i utleveringsdagar. Desse endringane må sjåast i samanheng med andre reduksjonar i posttenestene, slik som reduserte tider for postsortering. Dette har allereie ført til innskrenka mogelegheiter for kva dagar pasientar kan ta sendeprøvar for at prøvane ikkje skal bli for gamle til å bli analysert i laboratoria, og vi åtvarar sterkt mot å eskalere denne type vanskar for primærhelse- og omsorgstenesta.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner ulempene med framlegg til reduserte utleveringsdagar vil verte store, og kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikts-Noreg og alle som bur der. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er svært viktig for distrikta å framleis ha postombering fem dagar i veka. Dersom det er stor innsparing på å skilje mellom tettbygd og spreiddbygt, utfrå kvar det er konkurrerande tenester, så kan ein prøve ut ulik ombering med fem dagar i distrikta og til dømes to i tettbygde strok. Distribusjon av lokalaviser blir ekstra utfordrande for ein bransje som slit. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at satsinga på utbygging av breiband vert styrka. Mange av dei områda som står i fare for å misse postombering kvar dag har ikkje ein tilfredstillande digital infrastruktur. Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ikkje akseptere at det vert kutta i postomberinga før ein kan vise til tilfredstillande digital infrastruktur i distrikta.

-----  
**SAK 20/18      Søknad om tilskot til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit eingongstilskot på 3 mill. kr til etablering av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen, på følgjande vilkår:

- a. Prosjektet må vere fullfinansiert.
- b. Det er ein føresetnad for tilskotet at oppstart av bygging skjer i løpet av 2018.
- c. Utbetalinga av tilskotet vil skje i løpet av første halvår i 2019.

2 Tilskotet vert finansiert av tilgjengelege fondsmidlar, bufferfondet.

-----

**SAK 21/18      Årsrapport 2017 - konsesjonskraft og finansportefølje**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsrapporteringane for 2017 på konsesjonskrafta og finansporteføljen til orientering.

-----

**SAK 22/18      Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2018**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 24.11.17 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2018 til vitande.
2. Fylkeskommunen føreset at staten kompenserer for dei oppgåvene som vert overførte frå Riksantikvaren.
3. Fylkeskommunen vil, i årets budsjett- og økonomiplanprosess og parallelt med at nye oppgåver vert vedteke overførte frå staten/Riksantikvaren, vurdere eigen kompetanse og bemanning på området. Vi vil i dette arbeidet halde naudsynt kontakt med Hordaland fylkeskommune.

-----

**SAK 23/18      Mineralstrategi for kommunane Askvoll og Naustdal**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Mineralstrategien for Askvoll og Naustdal vert teken til vitande.
2. Mineralstrategien sine målsetningar innan mineralretta næringsutvikling vert å vurdere i samband med rullering av regional plan for verdiskaping. Fylkeskommunen tek ikkje initiativ til å lage ein eigen mineralstrategi for Sogn og Fjordane.
3. Målsetningane innan samferdsle og infrastruktur vert å vurdere i samband med revisjon av Regional transportplan.
4. Fylkeskommunen vurderer å engasjere seg i samband med møteplassar og nettverk innan mineralretta næringsutvikling, men tek ikkje initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet og Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane Fylkeskommune støtter opp om målsettingane og tiltaka som ligg i mineralstrategien frå Naustdal og Askvoll.
2. Mineralstrategien sine målsetningar innan mineralretta næringsutvikling vert å vurdere i samband med rullering av regional plan for verdiskaping.
3. Målsetningane innan samferdsle og infrastruktur vert å vurdere i samband med revisjon av Regional transportplan.
4. Fylkeskommunen vurderer å engasjere seg i samband med møteplassar og nettverk innan mineralretta næringsutvikling. Om mineralnæringa og kommunar tek initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane, bør Sogn og Fjordane Fylkeskommune vere deltakar i dette.

**Kristeleg Folkeparti og Venstre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkeskommunen peikar på viktigheita av å bruke ein mineralstrategi og eit mogleg mineralråd til å styrke utviklingsarbeid knytt til bruk av deponimassar

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk ingen røyster.

Framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti og Venstre vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støtter opp om målsettingane og tiltaka som ligg i mineralstrategien frå Naustdal og Askvoll.
2. Mineralstrategien sine målsetningar innan mineralretta næringsutvikling vert å vurdere i samband med rullering av regional plan for verdiskaping.
3. Målsetningane innan samferdsle og infrastruktur vert å vurdere i samband med revisjon av Regional transportplan.
4. Fylkeskommunen vurderer å engasjere seg i samband med møteplassar og nettverk innan mineralretta næringsutvikling. Om mineralnæringa og kommunar tek initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune vere deltakar i dette.
5. Fylkeskommunen peikar på viktigheita av å bruke ein mineralstrategi og eit mogleg mineralråd til å styrke utviklingsarbeid knytt til bruk av deponimassar.

-----

**SAK 24/18 To marine verneområde - Stad og Dalsfjorden**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkeskommunen tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Det vert vist til saksutgreiinga når det gjeld innspel til oppstart av verneplanarbeidet. Fylkeskommunen vil kome attende med nærare innspel knytt til våre ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt tilleggsframlegg til fylkesrådmannen si tilråding:

Fylkesutvalet er uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane så må det gjerast ei grundig konsekvensutgreiing og det må takast omsyn til dei utviklingsplanane som kommunane har i desse områda no og i framtida.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med tillegg frå Senterpartiet, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkeskommunen tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Det vert vist til saksutgreiinga når det gjeld innspel til oppstart av verneplanarbeidet. Fylkeskommunen vil kome attende med nærare innspel knytt til våre ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring.

Fylkesutvalet er uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane, så må det gjerast ei grundig konsekvensutgreiing og det må takast omsyn til dei utviklingsplanane som kommunane har i desse områda no og i framtida.

-----  
**SAK 25/18      Regional plan for klimaomstilling - Høyringsutkast**

**VEDTAK:**

Framlegg til Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 29. april 2018, jf. plan- og bygningslova § 8-3.

-----  
**SAK 26/18      Regional strategisk plan for kysten 2018-2029**

**VEDTAK:**

1. Høyringsutkast til Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 24.04.2018, jf. plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-4.
-

## **SAK 27/18      Skriv og meldingar fylkesutvalet 7. mars 2018.**

### **Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1:      Orientering om digitalisering og ny teknologi som verktøy for betre trafikktryggleik
- 2:      Referat frå møte i fylkesberedskapsrådet 13. - 14.02.18
- 3:      Kartlegging for ein nasjonal biogassinfrastruktur
- 4:      Nedbygging av mottakskapasitet - region vest
- 5a:     North sea commision - call for nominations
- 5b:     Oversikt pr februar 2018
- 5c:     Charter for the North Sea Commision approved by NSC ABM Meeting 13.06.13  
**Vedtak:**  
Åshild Kjelsnes er framleis Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kanidat til verv i North Sea Commision.
- 6a:     Spørsmål vedrørende Orange Helse
- 6b:     Svar - Forvaltningsrevisjon - Innkjøp - oppfølging av vedtak 13. desember i KU-sak 56/17
- 7a:     «Kløften" - fornya søknad om investeringstilskot
- 7b:     Søknad til KMD om investeringstilskot frå Kap 322 Post 70 Nasjonale kulturbygg
- 8:      Kraftfylka - høyring om effekttariffer  
**Vedtak:**  
Fylkesutvalet gir fylkesordføraren fullmakt til å gi uttale om tariffstrategi.
- 9:      Stranda kommune - Kommersielle ferjekonsesjoner og båtruter i verdensarvområdet Geirangerfjorden med omland
- 10:     To Revitalize Sister City Relationship between Ningxia, P.R. Chinaa and Sogn og Fjordane County.  
**Vedtak:**  
Fylkesutvalet ber om eit notat om saka etter at fylkesordføraren har drøfta saka med fylkesordføraren i Hordaland.
- 11:     Høyring - Ny konkurranse om regionale ruteflygninger i Sør-Norge frå 1. april 2020  
**Vedtak:**  
Fylkesutvalet ønskjer høyringsmøte med Samferdsledepartementet om saka.
- 12:     Vedtekter Marint- rekrutterings og kompetansehevingsfond (MAREKO); praktisk oppfølging
- 13a-c:    Orientering om start av ny organisasjon for Vest politidistrikt 1.3.18
- 14a-c:    Høyring- Overføring av sams vegadministrasjon til regionalt, folkevald nivå
- 15:      Eigarskapen i SFE AS  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 første ledd*  
**Vedtak:**  
Notatet er offentleg etter møtet.
- 16a:     Gjøa-avtalen - Løypemelding nr. 7  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 første ledd*

16b: Comfort Letter frå ESA

17: Singerheimen – orientering til stiftar Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Vedtak:**

Fylkesutvalet støttar styret si tilnærming til saka, jf. pkt. 1 i styrevedtak datert 18.01.18.

18: Parat: Taxfredebatten berører også flyplassene i Sogn og Fjordane

-----